

Arkivrutine for Visma Easycruit

Kva er Visma Easycruit?

Visma EasyCruit er eit skybasert rekrutteringssystem. Easycruit sørgjer for at ein kan søkje digitalt på ledige stillingar i Fedje kommune, produserer søkjarlister og kan integrere rekrutteringsprosessen direkte inn i Visma HRM (lønssystemet).

Fedje kommune tok i bruk Visma Easycruit frå 01.12.2019.

Me nyttar rekrutteringsverktøyet, men har ikkje teke i bruk direkte integrering til Visma HRM/personalmelding.

Brukarar:

Personalsjef og personalkonsulent er administratorar, og kan legge til, redigere og avslutte brukarar. Personalleiarar som har ledige stillingar, vert lagt inn som brukarar på dei stillingane dei har ledige. Hovudtillitsvalde kan få lesetilgang til enkelte rekrutteringsprosjekt etter behov.

Ny sak (nytt rekrutteringsprosjekt):

Personalsjef og personalkonsulent kan opprette rekrutteringsprosjekt. Det vert oppretta eit rekrutteringsprosjekt for kva utlysing av ledig stilling, ved at ein ligg inn utlysingstekst, utformer digitalt søknadsskjema og publiserer utlysinga.

Arkivering:

Visma Easycruit er integrert med Websak, slik at alle utlysingstekstar, søknadar med vedlegg, offentleg og utvida søkjarliste, e-postar til søkjarane osv. vert automatisk arkivert i websak. Kvart rekrutteringsprosjekt oppretter ei arkivsak i Websak, og kvar annonse, søknad osv. vert egne journalpostar i denne arkivsaka.

Tittel på arkivsaka i Websak er det same som tittel på rekrutteringsprosjektet i Visma Easycruit.

Notatar frå intervju og referanseintervju, vitnemål henta inn i intervju, X-notat om prosess og vurdering i tilsetjingssaka, vedtak om tilsetjing og endeleg svar til søkjarane vert skrive og arkivert i Websak, på same arkivsak.

Kvalitetssikring av informasjon/personvern:

Søkjarane legg sjølve inn informasjonen i søknadane, og aksepterer ei personvernerklæring:

Våre personvernvilkår

Føremålet med Easycruit er å forenkle rekrutteringsprosessen til arbeidsgjevaren og mogeleggjere effektive vurderingar av og kommunikasjon med kandidatane i samband med dette. Som ein del av bruken av Easycruit tek arbeidsgjevaren i mot personopplysingar frå kandidatane. Arbeidsgjevaren handsamar slike personopplysingar som ein del av vurderinga av kandidaten sine ferdigheiter og evner og om vedkommande eignar seg for den utlyste stillinga.

Rettsgrunnlaget for handsaming av personopplysingar er at kandidatane samtykkjer i slik handsaming som ein del av søknaden på stillinga, der kandidaten vel kva slags personopplysingar vedkommande bestemmer seg for å dele med arbeidsgjevaren i samband med dette, til dømes ved å bruke funksjonen for opplasting frå Google eller Dropbox. Ver merksam på at kandidatane har rett til å trekkje attende dette samtykket når som helst.

Arbeidsgjevaren er datakontrollør for handsaminga av personopplysingar om kandidatar, og alle spørsmål om personvern kan rettast til arbeidsgjevaren ved hjelp av dei dedikerte kommunikasjonskanalane levert av Easycruit. Personopplysingane blir handsama for å kunne levere, utføre og utvikle tenestene.

Easycruit er ei skyteneste som er utvikla av Visma. Dermed kan Visma-konsernselskap og deira underleverandørar av IT-tenester få tilgang til personopplysingar om kandidatar som ein del av drifta av tenesta. Alle underleverandørar er underlagt datahandsamingsavtale for å sikre personvern i samsvar med standarden som følgjer av gjeldande personvernlovgeving (GDPR frå 25. mai 2018), og underleverandørar utanfor EU er underlagt overføringsmekanismar som er godkjende av EU-kommisjonen.

Personlege data om kandidatar blir handsama i Easycruit under rekrutteringsprosessen og i det omfanget som er naudsynt for å oppfylle lovmessige krav. Kandidatane kan nytte funksjonane for profilredigering i Easycruit-kontoane sine til å slette, laste opp og redigere informasjon.

Kandidatane kan til kvar tid ta kontakt med arbeidsgjevaren for å utøve retten til tilgang, retting eller sletting av personopplysingar, eller for å avgrense handsaminga som er knytt til kandidaten, eller for å motsetje seg handsaminga, i tillegg til retten til dataflyttbarheit. Kandidatane har også rett til å sende klage til datatilsynsmyndigheitene med omsyn til handsaminga av personopplysingane.

Opplysningane søkjar har oppgjeve, vert undersøkt i løpet av rekrutteringsprosessen. Om opplysningane viser seg å vere feil, vil det verte notert og arkivert på arkivsaka i Websak.

Fedje kommune har databehandlaravtale med Visma Easycruit gjennom IKTNH sin samla tinging av Visma Enterprise (overliggende system).

Avslutting av saker:

Kvart rekrutteringsprosjekt vert avslutta i Easycruit etter at tilsetjing er gjort, av den som er ansvarleg for det konkrete rekrutteringsprosjektet (vanlegvis personalsjef eller personellkonsulent).

Den ansvarlege sender så melding til arkivsansvarleg i kommunen om at saka kan avsluttast i Websak.

Rutine skriftleggjort 01.12.20 av Dagrun Gunnarson. Tilgjengeleg på fedje.arkivplan.no